



## Møtedeltakarane

Saksnr  
16/110-23

Løpenr  
35680/18

Arkivkode  
033 A

Avd/Sek/Saksh  
OPP/KSK/SGJ

Dykkar ref

## REFERAT FRÅ MØTE I DRIFTSSTYRE 20.09.18 - KLEPPE SKULE

**Stad og tid: Torsdag 20.09.18 kl. 18.00-20.00**

**Tilstade: Kjersti Olimb Salte, Dag Folkvord, Jan-Arild Anda, Toril Bøylestad, Mette Erga Brunes, Daniel Boye, Marcus Bore, Gro Jeanett Birkeland Davis, Aghdas Paya og Sylvia Gjersdal**

**Forfall: Ingen**

### **01/18-19 Konstituering av Driftsstyret og Skulemiljøutval**

Leiar Driftsstyret og Skulemiljøutval: Dag Folkvord (FAU)

Nestleiar Driftsstyret og Skulemiljøutval: Aghdas Paya (pedagogisk tilsett)

Foreldrerepresentantar/ FAU: Jan-Arild Anda og Toril Bøylestad

Pedagogisk tilsett: Gro Jeanett Birkeland Davis

Vara pedagogisk tilsett: Margrete T Fuglestad og Ovar Theis-Haugland

Anna tilsette: Mette Erga Brunes

Vara anna tilsette: Anita Moi Hansen

Elevrepresentant/elevrådsstyret: Daniel Boye og Marcus Bore

Hovudutval Barn og Unge: Kjersti Olimb Salte

Rektor: Sylvia Gjersdal

I Skulemiljøutvalet er det dei same deltakarane, men i tillegg møter ein ekstra frå elevrådsstyret. Det går på rundgang kven dete er.

Styret og utval vart konstituert.

### **02/18-19 Godkjenning av referatet frå 18.06.18**

Referatet vart godkjent utan marknader.

### **03/18-19 Møteplan for Driftsstyret 18-19**

Torsdag 20.09.18 kl. 18.00-20.00

Onsdag 21.11.18 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Tysdag 05.02.19 kl. 18.00- 20.00

Torsdag 10.04.19 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Måndag 11.06.19 kl. 18.00-20.00

Møteplanen vart godkjent.



#### **04/18-19 Utviklingsplanen for Kleppe skule 2018-2020**

Rask gjennomgang av endeleg Utviklingsplan. Gode drøftingar kring lesing og resultat.

Vedtak: Utviklingsplanen vart teken til orientering.

#### **05/18-19 Aktuell info frå Elevråd, FAU, skulen/SFO og Hovudutvalet**

##### **Elevrådet:**

Hatt to møter, er komne godt igong. Har presentert seg på fellessamling for heile skulen. Planlegg å gå rundt og hengje opp plakatar slik at alle veit kven dei er.

##### **FAU:**

Hatt eit møte og konstituert seg.

Blitt eit foretak, registrert i Brønnøysundregisteret.

Arbeider med sak om felles koordinering av arrangement i skulane og barnehagane i Klepp kommune.

Reflekskonkurranse - fortset med dette, men litt ny vri på organisering på 1.og 2.trinn. Det vil ikkje bli avkryssning på desse trinna, men skuleleiinga kjem til å ta stikkprøver.

Partnerskap mot mobbing - ønsker å arbeide meir med dette.

17.mai-arrangementet, fortset arbeidet her. Eigen komitè har allereie gjort mykje.

##### **Skulen/SFO:**

Fin start på skuleåret. Økonomisk forventer rektor at skulen er i balanse ved årsskiftet, forventar eit resultat med litt mindreforbruk. Økonomien ser ok ut. SFO er no i balanse etter lange tider med meirforbruk, forventar likevel at det vil bli eit lite meirforbruk her.

Utbygging; det er enno ikkje avklart kvar nybygget (aula og kantine) blir.

Uteområdet er under utbetring, pga at byggjeplanane ikkje er landa må skulen vente litt med å ferdigstille uteområdet. Noko av det vil først bli ferdig når nybygg står ferdig.

Har hatt fellessamling med fokus på sosiale mål og hatt felles BlimE-dans.

Førebur aksjonsveka som skal vere i veke 40.

##### **Hovudutvalet for Barn og unge:**

Mykje byggeprosjekt som er på agendaen no.

Barnehagebruksplan har ein jobba ein del med.

Samhandling mellom instanser har vore eit stort emne i det siste.

#### **06/18-19 Partnerskap mot mobbing**

Det vart sett ned ein komitè for 18-19 med desse medlemmane:

FAU-leiar, leiar og nestleiar i elevrådsstyret, Arbeidsplasstillitsvalt (ATV) og rektor.

Alle får referat frå møte i komiteèn.

Partnerskap mot mobbing kjem til å bli hovudsaka på Skulemiljøutvalsmøte i november.

Klepp kommune, 29.10.2018

Sylvia Gjersdal  
Referent